

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/17	Formannskapet	PS	23.03.2017
	Kommunestyret	PS	
023/17	Levekårsutvalet	PS	21.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Irene Wilhelmsen	16/1352

## Godkjenning av "Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020"

### Vedlegg :

Særutskrift av sak 3 frå møte i SU/SKMU ved Myking skule 15.11.16 (217589)Høyringsuttale til kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020Svar på høyring og offentleg ettersyn av kommunedelplan for trafikksikring 2017 - 2020 - Lindås kommunelInnspel fra FAU Eikanger 163383 Høyring - kommuneplan for trafikksikring 2017-2020Bilde fra FV397 MykingvegenHøyringsuttale til Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020Innspel til trafikksikringstiltak 2017-2020Kommunedelplan trafikksikringVedlegg A - vurdering av høyringsinnspelVedlegg B - prioritering av fysiske tiltak – Kap 5, del 1Vedlegg C - forslag til haldningsskapande arbeid i 2017 henta frå Kap 5, del 2Vedlegg D - Utdrag frå økonomiplan 2016 - TrafikksikringsfondHøyringsdokument - rullert Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020Vedlegg 1 - Analyserapport - Særleg farleg skulevegVedlegg 2 - Oversikt over innspel til planen 2016Vedlegg 3 - Oversikt over innspel som ikkje kom medVedlegg 4 - Oversikt over tiltak som er utført frå førre plan

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtar «Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020» slik den ligg føre med dei endringar og vurderingar som er lagt fram i denne saka.

.....

### Levekårsutvalet - 023/17

#### LE - behandling:

Ettersendt sak "Godkjenning av "Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020" vart handsama i møte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**LE - vedtak:**

**Uttale i Levekårsutvalet - 21.03.2017:**

Ingen merknader.

**Formannskapet - 028/17**

**FO - behandling:**

**Fellesframlegg ved N.Bognøy-Ap:**

Kommunestyret vedtek «Kommunedelplan for trafikkisikring 2017-2020»

Prioriterte tiltak å arbeide med er:

1. Fv. 404, Kvamsbrekka
2. Fv. 401, Kleivane-Seim
3. Fv. 394, Lindsdalen - knaus/kryss tiltak 5
4. Fv. 394, Lindsdalen, Ostereidet

Tiltaka er ført i tabell tiltak mellom 10 og 50.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO - vedtak:**

Kommunestyret vedtek «Kommunedelplan for trafikkisikring 2017-2020»

Prioriterte tiltak å arbeide med er:

1. Fv. 404, Kvamsbrekka
2. Fv. 401, Kleivane-Seim
3. Fv. 394, Lindsdalen - knaus/kryss tiltak 5
4. Fv. 394, Lindsdalen, Ostereidet

Tiltaka er ført i tabell tiltak mellom 10 og 50.

## **Saksopplysningar: Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

## **Bakgrunn**

Arbeidet med å rullere «Kommunedelplan for trafikksikring» starta med eit oppstartsmøte i desember 2015.

Planprogrammet låg på høyring i perioden 05.03.2016 – 16.04.2016 og godkjent i Formannskapet 12.05.2016. Planarbeidet tok utgangspunkt i rullering av kap. 5 Handlingsplan samt oppdatering av statistikkar i kap 2 og 3.

Arbeidet med «analyserapport for særleg farleg og vanskeleg skuleveg» er lagt inn i «Kommunedelplan for trafikksikring»

Formannskapet i Lindås kommune gjorde 20.10.2016 fylgjande vedtak:

Formannskapet vedtek at den rullerte «Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020» skal leggast på høyring i 6 veker, med heimel i plan- og bygningslova §11-13.

«Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020» låg til høyring og offentleg ettersyn i tida 26.10.2016 – 06.12.2016. Dokumentet var tilgjengelig på rådhuset i Knarvik og på Lindås kommune sine heimesider, [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no). Kunngjeringa vart lyst ut i Nordhordland avis 26.10.2016.

Lindås kommune mottok 7 innspel i høyringsrunden til «Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020». I tillegg foreslår administrasjonen å retta nokre feil og nokre mindre endringar av tekst.

Alle innspela som kom inn i høyringsperioden er vurdert av administrasjonen og arbeidsgruppa.

## **Vurdering**

Alle høyringsinnspela ligg vedlagt og vurderingane til administrasjonen og arbeidsgruppa er omtala i «Vedlegg A - vurdering av høyringsinnspel».

Kort oppsummering av innspela frå høyringsrunden:

- Særutskrift av sak 3 frå møtet SU/SKMU Myking skule

Her er det kome fleire merknader til tiltak som ikkje kom med i planen.

Arbeidsgruppa står for vurderinga frå arbeidet med planen. Vurderingane er kommentert i «Vedlegg A - vurdering av høyringsinnspel».

- Høyringsuttale frå Hordaland Fylkeskommune

Tilbakemelding til planen utan å peike på særskilde enkeltpunkt.

- Svar på Høyring frå Statens vegvesen

Nokre mindre kommentarar til overskrifter og innhald i kap 3 – Registreringar og problemanalyse.

Arbeidsgruppa foreslår å endre i samsvar med vegvesenet sine kommentarar. Dette er nærmare vurdert i «Vedlegg A - vurdering av høyringsinnspel».

- Innspel frå FAU Eikangervåg

Arbeidsgruppa meiner dette er gode innspel, men dette var ikkje ein runde kor ein ba om innspel som skulle vurderast som del av planarbeidet.

Arbeidsgruppa foreslår å ikkje vurdere dei nye innspela inn mot denne planen, men tek dei med vidare i trafikksikringsarbeiet framover.

Dette er nærmare vurdert i «Vedlegg A - vurdering av høyringsinnspel».

- Høyringsuttale frå Anders Eidsnes

Innspel med ynskje om veglys langs fv 393 Eidsnesvegen.

Dette er eit nytt innspel som tidlegare ikkje var kome inn til planen. Det er mange skuleveggar i kommunen som har behov for veglys for at det skal følast tryggare for borna å ferdast langs vegen. Då dette var ein høyringsrunde med allereie vurderte innspel, foreslår arbeidsgruppa at innspelet ikkje vert teke med i denne omgang. Forslaget vert teke med i trafikksikringsarbeiet framover.

- Innspel frå Svein Arne Frammarsvik

Gjeld Kiwi-krysset i Alvermarka.

Her er det allereie eit tiltak i planen som gjeld same kryss. Arbeidsgruppa tilrår å leggje innspelet inn i eksisterande punkt med forslag om å sjå på utforminga av krysset i

samarbeid med Statens vegvesen.

- Innspel frå planavdelinga Lindås kommune

Det kom inn to endringsforslag frå planavdelinga. Desse er nærmare vurdert i «Vedlegg A - vurdering av høyringsinnspel».

I tillegg til desse innspela i høyringsrunden, foreslår arbeidsgruppa nokre mindre endringar og utfyllande tekst. Dette er nærmare vurdert i «Vedlegg A - vurdering av høyringsinnspel».

Det har vore fleire rundar med Formannskapet som styringsgruppe i samband med prioritering av tiltak. Vedlagt dokument, «Vedlegg B - prioritering av fysiske tiltak – Kap 5, del 1», er oppdatert etter siste runde med styringsgruppa og vert lagt inn i plandokumentet.

Vedlagt dokument «Vedlegg C - forslag til haldningsskapande arbeid i 2017 henta frå Kap 5, del 2».

Dokumentet er oppdatert etter siste møtet med formannskapet som styringsgruppe og syner kva haldningsskapande tiltak administrasjonen foreslår utført i 2017.

### **Kommunalt trafikksikringsutval.**

Formannskapet som styringsgruppe ynskjer å få inn ei vurdering av kor det politiske samspelet skal gå og kven som skal vere leiar i utvalet.

Forslag til tilleggstekst i planen under Kommunalt trafikksikringsutval:

«Kommunalt trafikksikringsutval er eit fagutval.

I saker som gjeld prioriteringar, vil utvalet i samspel med Formannskapet, ta avgjerd i saka.

Det er foreslått ei endring til oppsett av kommunalt trafikksikringsutval:

- NY - 1 representant frå Rådmannen - skal vere leiar i utvalet.

**Kommunalt trafikksikringsfond** vart oppretta for å kunne ha klar midlar til forskotering på fylkesveg og for å ha midlar til haldningsskapande trafikksikringsarbeid.

Alle midlane i fondet er i dag bunde opp mot ulike prosjekt.

Formålet med trafikksikringsfondet ligg ved i saka, «Vedlegg D - Utdrag frå økonomiplan 2016 - Trafikksikringsfond»

**Formannskapet må vurdere om midlane i trafikksikringsfondet kan nyttast annleis, til for eksempel å investere i prosjektering av fylkesveg. Det vil kome ei eiga sak i samband med trafikksikringsfondet.**

